



**Jernbaneverket**

MOTTATT

21 AUG 2009

Besøksadresse:  
Stortorvet 7, Oslo

Postadresse:  
Postboks 4350  
NO-2308 Hamar

Telefon:

Telefaks:

Sentralbord  
Jernbaneverket:  
05280

Reg. nr:  
NO 971 033 533 MVA

Bankgiro:  
7694.05.01888

[www.jernbaneverket.no](http://www.jernbaneverket.no)

Det Kongelige Samferdselsdepartement  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO

Henvendelse til: Monika Løland Eknes  
Tlf.: 91 65 71 23  
Faks:  
E-post: [monika.loland.eknes@jbv.no](mailto:monika.loland.eknes@jbv.no)

Dato: 20 AUG 2009  
Saksref.: 09/02148 SJS 008  
Deres ref.: 09/1626\_TRS  
Vedlegg:

## Høring - NOU:2009:3 - På sikker vei

Vi viser til brev frå Samferdselsdepartementet datert 24.4.2009. Jernbaneverket har gjennomgått NOU:2009:3, og under har vi gitt våre synspunkt på dei særskilte områda som Samferdselsdepartementet peiker på i sitt brev og der Jernbaneverket har erfaringar som kan vere relevante.

**Utvalet si vurdering av at eit tilsyn må vere eit risikobasert systemtilsyn**  
Jernbaneverket sine erfaringar med risikobasert systemtilsyn er at dette er ein tilsynsmetode som fungerer bra i praksis og som gjer avklarte grenser mellom ansvarsforhold. Det er også ein metode som nyttas innan jernbane i Europa generelt.

### Utvalet sine vurderingar knytte til oppgåve- og ansvarsgrensene mellom eit vegtilsyn og dei andre aktørane i sektoren

Utvalet skriv at eit vegtilsyn i prinsippet vil ha hovudoppgåver knytt til tilsyn med at eigarar av offentlege vegar etterlever gjeldande formelle tryggleikskrav og reaksjonar ved avvik, regulering og normerande vedtak, informasjon om føremålet med blant anna tryggleiksregulering av veginfrastruktur, og områdeovervaking. Dette er tilsvarande nokre av dei oppgåvene som Statens jernbanetilsyn har, og innan jernbanesektoren er oppgåve- og ansvarsgrenser mellom tilsyn og infrastruktureigar tydeleg. Tydelege oppgåve- og ansvarsgrenser mellom tilsyn og infrastruktureigar skulle derfor også vere mogleg innanfor vegsektoren. Innanfor jernbanen har vi ikkje erfaringar med ein modell der infrastruktureigar er styresmakt for trafikktryggleik for brukarane av infrastrukturen. Vi stiller spørsmål ved om det vil vere hensiktsmessig at både eit vegtilsyn og Statens vegvesen er styresmakter for trafikktryggleik sjølv om vi ser at dette har vært utanfor mandatet for utgreiinga.

### Utvalet sine vurderingar knytte til kven som er høvesvis tilsynsobjekt og pliktsubjekt

Utvalet beskriver at veginfrastruktur vil vera tilsynsobjekt, at eigarar av offentleg veginfrastruktur vil vera dei primære pliktsubjekt og at eit vegtilsyn vil få innsyn i verksemda til andre aktørar som entreprenørar og konsulentar gjennom tilsyn med dei primære pliktsubjekta. Dette er tilsvarande som for jernbanesektoren i dag, med unntak av

at tilsynsmyndigheita her også omfattar togselskapa. Det er vår erfaring at dette også gjer avklarte ansvarsforhold.

**Utvalet sine vurderingar knytte til sanksjonar eit vegtilsyn må ha til rådvelde**  
Utvalet sine vurderingar knytte til sanksjoner beskriver løysingar som allereie er implementert for jernbane i Noreg og som fungerer bra på dette området.

Med helsing

*Monika L. Eknes*  
Monika Løland Eknes  
Tryggleiksdirektør